

Saksprotokoll 28.05.2020 - finansutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

«I Rekneskapsheftet for Hordaland fylkeskommune, note 10 (side 15) er det lista opp garantiane fylkeskommunen har gjeve. Garantibeløpa summerer seg til 18 186 mill. kr. Lånesaldo ved årsskiftet var 11 665 mill. kr. I tillegg til dette kjem garanti på 22 mill. kr som Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde stilt for Ferde AS.

To nye saker om garantistilling vil bli lagt fram. Det gjeld E134 Røldal-Seljestad: 765 mill. kr og Det Vestnorske Teateret: 77 mill. kr.

Fylkesordføraren er samd med spørjaren at det er viktig med risikoevaluering av prosjekt som det skal stillast garanti for. For bompengeprojekt er det sjølv sagt trafikkprognosane som er avgjerande for at bompengelånet vert nedbetalt i samsvar med det som vert vedteke ved godkjenning av prosjektet i Stortinget. Rentenivået er også viktig.

Bompengereforma gjer at det no er Ferde AS som står for låneopptak i bompengeprojekt.

Vestland fylkeskommune har få andre garantiar for prosjekt utanom bompengeprojekt. Garantisummane er her av mindre omfang, men fylkesordføraren meiner det er viktig også å fylgje utviklinga for desse låna/garantiane.

Fylkesordføraren vurderer det slik at det ikkje er naturleg å setje eit øvre måltal for kor høg garantistilling Vestland fylkeskommune skal ha. Om garantisummen likevel vert for høg, kan den få påverknad på fylkeskommunen sine rentevilkår og lånevilkår elles. Så langt opplyser fylkesrådmannen at ein enno ikkje har sett dette, men at det kan verte ei aktuell problemstilling om garantisummen vert for høg ut frå kva aktørane i lånemarknaden vurderer.»